



## Handlingsplan for Stord Sykleklubb ved dopingsaker

Stord Sykleklubb ønske å ha ei plan for korleis me skal handsama både mistanke om dopingmisbruk, og om eit medlem gir positiv dopingprøve. Me trur dette er ein styrke både for den rettslege tryggleiken, syklistane som menneske, og som ei rettesnor for alle som kjem i ei slik sak. Ein god plan vil kunne vere med å skape tryggleik og betre saksgang for utøvar og for klubb.

Anti-doping Noreg har gode nettsider med mykje informasjon om Anti-dopingarbeid, dopingliste, og saksgang i ein dopingsak. Stord SK ønske at våre medlemmar er medvitne om førebygge dopingbruk og ha kunnskapar på området. Informasjon kan ein finne på [www.antidoping.no](http://www.antidoping.no).

Stord SK ser føre seg fleire senarioa, og har difor valt å lage ein eigen plan for kvar av desse senarioa.

Senario 1 er om nokon gir positiv dopingprøve, har nekta å gi prøve eller på annan måte har brote dopingreglementet.

Senario 2 er korleis Stord SK skal handla om det oppstår eit rykte eller tips om doping i klubben.

## Dopingsak – potensielt brot på dopingreglementet

Om klubben eller eit medlem av klubben får ein kontakt frå Antidoping Noreg, NCF, arrangørar eller utøvarar om eit potensielt brot på dopingreglementet skal leiar verte varsla. Først skal det hentast inn faktaopplysningar i saka sånn at den kan vidare handsamast på best mogleg måte.

Saka skal handsamast konfidensielt sånn at ikkje eventuelle folkesnakk startar å gå. Ved positiv prøve i Noreg vil ADNO varsla dei som skal varslast i henhold til ADNO sin eigne prosedyrar, og sånn at dei involverte partar vert varsla i rett rekkefølge. Etter tilstrekkeleg samla informasjon, og mest mogeleg objektiv informasjon varslar leiar:

1. Anti-doping Noreg
2. Utøvar (eventuelt og utøvar sin føresette)

NB! All ekstern kommunikasjon i dopingsakar vert gjort av leiar.

Stord Sykleklubb vil i alle høve ha utøvar i fokus. Ta avstand frå handling, men støtte opp og ivareta person. Syklisten har rettar som ein må ta omsyn til i ein prosess, og det er hele vegen viktig å holde seg til dei fakta som har tilgjenge til.

Under samtaler med utøvar (eventuelt og utøvar sin føresette) vil Stord SK sjå på fakta i saken og i samarbeide med utøvar og vurdere vidare prosedyre. Utøvar må ha høve til å forklare seg og erkjenne brot på dopingreglement. I nokre høve kan det vere aktuelt å opne for ein friviljug suspensjon av utøvar fram til meir fakta ligg føre.

## Handsaming tips om potensielt dopingbruk

Det er viktig at tips og rykter om dopingbruk vert handsama på ein skikkeleg måte. Nokre gongar kan tips vere korrekte, og nokre gongar er rykte feil. Difor er det særleg viktig at dette handsamast rett frå starten av. Dette senarioet er difor annleis frå dopingsakar, og bør handsamast annleis.

Utløysande faktorar kan vere: Media, rykter i miljøet, tips for andre medlemmar eller konkurrentar.

Dersom det er ein annan enn leiar som vert kontakta, skal leiar varslast straks. Det er leiar sitt ansvar å henta inn mest faktaopplysningar om saka, sånn at den vidare handsaminga vert best mogleg.

Det er leiar sitt ansvar at saka vert handsama konfidensielt sånn at ikkje eventuelle rykter kjem ut på folkemunne før ein har varsla alle involverte partar. Etter å ha innhenta nok, og mest mogleg objektiv informasjon, varslar leiar:

1. Anti-doping Noreg
2. Utøvar (eventuelt og utøvar sin føresette)

Syklisten må kunne forklare seg og eventuelt dementere ryktene eller erkjenne brot på dopingreglementet. Hovedhensikten må vere å få slutt på dopingbruken om dette er tilfelle. Samtidig gir varsling til ADNO for å teste denne mistenkte.

NB! All ekstern kommunikasjon i dopingsakar vert gjort av leiar.

Om man kjem fram til at det ikkje er hold i rykta eller rykta ikkje kan stettast av noko faktaopplysningar skal følgande varslast:

1. Anti-doping Noreg
2. Utøvar (eventuelt og utøvar sin føresette)

På denne måten eksponerer me ikkje eit udokumentert rykte meir enn naudsynt , og me tar vare på utøvar. Samstundes får ADNO kunnskap om forholdet og kan teste utøvar om dei ønskje det.